

NVE

Norges energidager 2016

Holmenkollen Park

Fredag 14. oktober 2016

Andreas Hompland:

Diskutable dilemma

Derfor vinn ikkje alltid samfunnsnytten fram

Gode, samfunnsnyttige byråkratar, advokatar og samfunnsborgarar.

Og eventuelle utnyttarar

Onkelen min var gardbrukar i dalstrøka innafor Kysten Lindesnes Åna-Sira. Han arbeidde trutt og stødig på bruket sitt, men han var også sterkt opptatt av bygdas beste og sat i kommunestyret i 32 år.

Han dreiv med skogplanting på knattar der ingen kunne tru at grana ville bu. Han var også sauedommar og ein ihuga sauebonde som sende flokken på sommarbeite ved Knaberøysa inn mot Sirdalsheiene - altså i nedslagsfeltet til Sira-Kvina, der heiene nå er gjennomhola som sveitsar-ostar mellom regulerte vatn og takrenner.

Onkel dreiv på gamlemåten og slo med ljà på dei brattaste teigane. Alltid med sixpence i solsteiken. Eg var dreng i slåtten, men eg var så "moderne" - eller lat - at eg boykotta ljàslått som måtte berast i bører på ryggen til utløa.

Tradisjonell var han, men også framstegvennlig på sitt vis. Han sjaina til dømes opp sauefjøset med spalta golv, noe som dengong var veldig avansert og reinslig - anbefalt av alle statskonsulentar. Før EU la ned forbod av omsyn til sauenes beinføring.

Då onkel blei for dårlig til beins til å stå i bakkane og slå med ljà der slåmaskin med hestekraft ikkje kunne koma til, tykte han det var for gale at teigane skulle veksa til med krattskog, så han pressa på for å få kommunen til å overta dei og leggja dei ut til tomter. Det såg han som ein vinn-vinn-vinn situasjon: Han slapp å ergra seg over uslåtte bakkar, folk i grenda fekk hus i planlagde og regulerte byggefelt, og han fekk betalt for å avstå grunn.

Slik tenker ein grunneigar med forvaltaransvar - for sin eigen eigedom, for lokalsamfunnets ve og vel, og for generasjonane før og etter.

På eit av dei få flate jordene sto det både lysstolpar og telefonstolpar som slåmaskinen måtte kjøra rundt. Onkel meinte å minnast at dei var sett opp utan kompensasjon; at han hadde avstått grunn frivillig. Og det fant han rett og rimelig, for det hadde ført til at folk i utkanten fekk både straum og telefon. Han hadde eit avklart og godt forhold til Televerket og til VAE, for han kjende dei, og dei kjende han. Han hadde tillit til dei så lenge dei heldt sin del av den lokale samfunnskontrakten som var til beste for bygda. Det var jo ein slags felles dugnadsinnsats for vekst og velstand.

Og det var meir: VAE, Vest-Agder Elektrisitetsverk, hadde i si tid overtatt det konkursramma kommunale kraftverket. I år 2000

fusjonerte VAE til Agder Energi som er eigd av 30 Agder-kommunar med 55 prosent og Statkraft med 45 prosent. Då var onkel død, og eg tvilar på om han hadde vore glad for utviklinga som samla det meste i Kristiansand og hos Staten. Og eg vågar knapt å tenka på kva han hadde meint om at ikkje bare Statkraft, men også Vattenfall, Preussen og Eon skulle kunna koma inn på eigarsida. Eller at konsernsjefen i Statkraft tener fem millionar i året, og at konsernsjefen i Statnett har ein auke til tre. Det hadde nok sprengt onkel sine begrep om dugnad.

Onkel hadde altså eit godt forhold til VAE, men Sira-Kvina Kraftselskap låg han i langvarig krig med - på fleire plan.

I Kvinesdal var det betydelig lokal motstand mot den store utbygginga - også i kommunestyret. Dei ville ikkje mista åna, som alltid hadde runne der som akkompagnement til bygdelivet. Men motstanden var størst mot å overføra Kvina til nabobygda Sirdal med det store kraftverket på Tonstad: Skulle det byggast ut, så skulle me ha dammane og kraftverka og arbeidsplassane i okka dal. Og ta ulempene med på kjøpet. Me skulle sjå spora av vekst og velstand hos oss.

Motstanden tapte, både mot utbygging og mot overføring. Og dei fleste vil seia mange takk for det. Det var "tvillaust meir til gagn enn skade". Det blei arbeidsplassar i anleggsperioden. Det blei strandpromenade i sentrum, og det blei betre

flaumsikring og nytt kulturhus, sjøl om det blei overfløymt for eit par år sidan.

Det blei konsesjonskraft, med eit jernsmelteverk på kjøpet. Det blei grundig erstatning for fallrettar som ingen hadde brukt eller brydd seg om på hundrevis av år. Det blei konsesjonsavgifter, eigedomskatt og kraftskatt. Og romslig kommunebudsjett - til dei blei overmotige, og Terra kom og tok dei.

Då utbygginga førte til at elva blei tørrlagt ved garden til onkelen min, hyra han inn advokat. Han ville ha terskel som sikra vannstanden, og han ville ha erstatning for fallrettar, som aldri var brukt til noe, og det kunne ikkje dreia seg om meir enn noen centimeter. Det var også ein badehøl der, som han lauga seg i når det var varmt i slåtten og støvete på løa. Den ville sannsynligvis bli tørrlagt, så advokaten ymta frampå om at det kunne vera mulig å kreva tilskott til innlegging av dusj, men det blei det ikkje noe av.

Etter mine begrep, var NVE ryddig og kraftselskapet betalingsvillige. Og utbygginga har vore til velsignelse for alle partar - både grunneigarar, andre innbyggjarar, kommunen og storsamfunnet. Men det tok tid, lang tid og mange usynlige omvegar før fordelane viste seg. Det var langt frå konsesjon og reguleringsplan, via utbygging og anleggsarbeid til kommunen

fekk konsesjonsinntekter og smelteverk. Og flott, men seinare oversvømt, kino- og teatersal.

Eg har tenkt mye på korfor min samfunnsansvarlige og rettskafne onkel førte så innbitte prosessar mot Sira-Kvina, men var så velvillig innstilt til VAE og Televerket.

Eg trur det har å gjera med gjensidig tillit og nærhet. Det kunne vera merkbare ulemper for han sjøl, men også synlig og umiddelbar nytte for lokalsamfunnet. Den store samfunnskontrakten er fjernare og vanskeligare å gripa enn den lokale og konkrete. Samfunnsnyttan er ein abstrakt størrelse. Legitimitet er noe anna enn legalitet. Legitimitet kan ikkje vedtas eller dømmast; den må opparbeidast for å skjønnast.

Personlig har eg hatt stor glede og nytte av kraftutbygginga inne i heiene. Eg kjørte lastebil saman med far min på veganlegget to somrar. Me blei glade i eit område me aldri hadde vore i før, for det hadde ikkje vore veg inn dit. Det enda med at me kjøpte hyttetomt i Homstøl av grunneigaren som bare var glad til at han måtte flytta til byen då heiegarden hans blei demt ned. Særlig kona hans, forresten, for ho var frå Brokklyn.

Denne hytta har vore familiens samlingspunkt i 40 år, og eg har gått hundrevis av mil til fots og særlig på ski der inne. Utan kraftutbygging hadde ikkje dette vore mulig, og kraftselskapet sin veg og parkeringsplass har alltid vore godt brøytta og tilgjengelig for alle. Det gjeld bare å passa seg for oppdemde vatn med usikker is.

Sjølsagt går det kraftlinjer der. Det er ein del av pakken som er grunnen til at me kan vera der. Akkurat som vegen til Salmeli og Nesjen.

Nå er det ei ny tid. Med modernisering av kraftstasjonane og nye høgspenteleidningar. Statnett forsterkar linjenettet. For å binda kraft-landet betre saman, men også for å føra kraft til kablane over Skagerrak. Med Ertsmyra som knutepunkt og episenter.

Det er også planar om pumpekraftverk og ein ekstra tunnel til Tonstad slik at reguleringsvatnet som hytta ligg ved, kan tappast tomt og fyllast opp i takt med om det bles i vindmøller og er sol på solcellene i Tyskland. Som eit element i det grønne batteriet.

Fastbuande grunneigarar og hyttefolk er blitt grundig informert - både skriftlig, på nett og i informasjonsmøte. Dei nye kraftmastene blir litt høgare og noen av dei kjem litt nærare noen av hyttene enn dei gamle. Men dei nye er også meir monumentale - det skal dei ha. Og det blir mye helikopterfrakt

og få nye vegar og sår i landskapet. Men vegen skal utbetrast og utvidast, og det har ikkje veglahet noe mot.

Både me og hyttenaboar og grunneigarar rekna med at det ville gå seg til, for me har god erfaring med kraftselskapet og er avhengig av dei, på så mange vis. Sjøl om det jo er slik at ein kan sjå positivt på nødvendige ulemper, så lenge dei ikkje er i eins eigen bakhage. Men alt i alt er plagene små i forhold til den nytten me har hatt, og har, av kraftutbygginga - både kvar for oss, for lokalsamfunnet og gjennom kraftinntektene for storsamfunnet.

Me meinte altså at anleggsarbeidet kunne passera. Men så kom eit Oslobasert advokatfirma på banen. Ein av partnarane har lokale røter, mens den andre blei kalla Morten Klatremus då han sat på Stortinget. Dei ga oss eit tilbod me ikkje kunne seia nei til: Dei skulle samordna og ta seg av våre interesser, og det skulle ikkje kosta oss fem øre. Det ville sikkert gje dei god advokatbetaling, men etter det me forstod, skulle det dekkast av kraftselskapet som nå var blitt "motparten".

Me fær sjå koss det går, men det er alltid grunn til uro når noe blir advokatmat. Slik var det også for onkelen min, og fleire med han, i prosessane mot Sira-Kvina. Men dei betalte det det kosta - for å vera sikre på at dei ikkje skulle føla seg lurt.

På Fimreite i Sogn er det sju gardar. Dei har halde liv i to advokatar i Bergen i fire generasjonar. Dei har krangla seg imellom om fallrettar til kverner dei ikkje har brukt på 100 år. Men dei har stått saman og hatt felles advokat i kranglar om ankringsplass og sjøbuer med grunneigarane på den andre sida av fjorden. Nå har dei fått veg, men krangelen om båt plass har dei ikkje gitt opp. Ein skal ha retten sin, sjøl om ein ikkje har bruk for den, same kva det kostar. Det er eit prinsipp, og det er høgverdig å vera prinsipiell.

Rettsvesenet er glad i slike saker, som ofte er finjuridiske. Det fekk eg merka då eg og søskena mine skulle avhenda bruket til den ugifte onkelen vår. Me kunne ikkje vera brukarar; me var redusert til grunneigarar på avstand. Me fekk taksert eigedommen av ein lokal takstmann og skreiv kontrakt med ein nabo. Då greip det offentlige inn med forkjøpsrett, skjønnstakst og varsel om ekspropriasjon. For samfunnsnyttige formål.

Me protesterte ikkje mot forkjøpsretten, men godtok ikkje taksten: det skilde eit par hundre tusen. Så me hyra inn advokat. Han hadde forresten arva slike saker etter faren, han som hadde prosedert for onkelen min tidligare. Me fekk medhald i overskjønnet, men då anka fylkeslandbruksstyret og ville ha omkamp. I samråd med Regjeringsadvokaten. Og

advokaten vår var overlykkelig, for han fekk si prøvesak for Høgsterett.

Eg trudde det dreidde seg om pris, men det gjorde det ikkje. Det viste seg at det springande punktet var det offentlige byårkratiets autoritet: In casu statusen til eit rundskriv frå Landbruksdepartementet i Per Harald Grues tid - om fastsetting av kalkulasjonsrente / kapitaliseringsrente. Og så var det eit tilleggsargument at det var viktig å gje unge mulighet til å koma inn i landbruket til ein rimelig pris.

Advokaten vår var ekstremt forsiktig og juridisk korrekt, så eg måtte pressa han til å nemna i ei bisetning i prosedyren at dei som hadde meldt seg som interessert i tilleggsjord etter offentlig forkjøp, var ordføraren, varaordføraren, rådmannen, næringssjefen og ein velstående norsk-amerikanar i Brokklyn. Det var dei som var i posisjon til å forstå systemet.

Høgsterett stadfesta overskjønnet og den første taksten frå den lokale takstmannen. Etter heile denne tomolarunden trekte fylkeslandbrukstyret vedtaket om forkjøp. Så etter fem år og store offentlige kostnader, selde me for avtalt pris til den opprinnelige kjøparen. Eg bør vel leggja til at eg brukte mange timar og mye ergrelse på desse greiene, men det kosta oss ingenting. For dei 200 måla med granskog var forsikra i Skogbrand, som dekte alle advokatutgifter.

Og så må eg også legga til at han som kjøpte skogen og dei bakkete jordene - han arbeidde, som så mange andre på dei kantar av landet, i oljå i Nordsjøen. I fjor blei han arbeidsledig og har nå sett i gang med skogsdrift og blåbær dyrking.

Karl Marx skreiv i Ludvig Napoleons 18. brumaire om franske parsellbønder. Dei hadde han liten tru på som revolusjonær masse og klasse. Han samanlikna dei med ein sekk poteter. Dei låg der side ved side og var like, men dei hadde ingen ting med kvarandre å gjera.

Parsellbøndene var også i same situasjon og hadde objektivt sett same interesser i forholdet til statsmakt, myndigheter, kyrkje og godseigarar. Men dei oppfatta eller organiserte seg aldri felles mot motparten; dei sto kvar for seg og heldt kontraktane og vilkåra sine hemmelige for kvarandre. I håp om at ein sjøl på den måten kunne oppnå litt betre vilkår enn dei andre.

Jean Paul Sartre har beskrive noe av det same med begrepa "serie" og "gruppe". Ein serie er folk i same posisjon som ikkje har noe anna felles enn at dei er i same situasjon, og der dei andre i serien er ei ulempe og ein trussel for deg. Folk i bilkø, for eksempel.

Det er først når dei i serien forstår og innser at dei kan oppnå meir om dei innser at dei er i same situasjon og begynner å samhandla på det grunnlaget, at dei blir ei gruppe og kan oppnå noe - som gruppe. Då har dei fått ei sak dei ser som legitim og rettferdig. Gjerne etter det alle, kvar for seg, har oppfatta som ein provokasjon og noe urettferdig.

Og då kjem organisasjonane og advokatane inn i bildet. Og så ha me det gåande.

Det er lite som kan skapa så stor og standhaftig og prosedural kjensle av rettferdighet som privat eigedom. Sjølsagt dersom det rammar grunn du eig eller bruksrettar du har. Men også erstatning for rettar som ikkje er i bruk, som er utdaterte, eller bruksmåtar som ennå ikkje er der, men som potensielt kan koma til. Når bruk blir eigedom. Når landbruk og utmark kan bli turistnæring. Når verdier er i transformasjon og der det er mange aktørar.

Det kan åpenbart vera enklare for dokke å ha å gjera med **ein** grunneigar enn med 100. Og enklare å fastelegga erstatning for tapt beite for 100 sau, enn skjemmaende utsikt for 100 hyttefolk. Og eg vil tippa at det er ekstra vanskelig å koma til minnelige ordningar der hyttene er ekstra dyre og advokat-tettheta høg.

Eg har i det eg har sagt ikkje sett ekspropriering opp mot den heilage, allminnelige eigedomsretten, eller eksplisitt voge individuell rett mot samfunnsnytte: Slikt er ikkje problem, som

ein kan løysa. Det er dilemma - og dei må ein leva med. Men eg minner om slagordet til den franske anarkisten Proudhon av og til er på sin plass: "Eiendom er tyveri!"

Det var mine siste ord.

Men det er Tor Jonsson-jubileum i år: Det er 100 år sidan diktaren blei fødd i stusslegstugu i Lom, og 65 år sidan han tok livet av seg i einsemd i ei hytte på Ingierstrand. Derfor sluttar eg aldri ein tale eller kåseri dette året utan å dela eit dikt av Tor Jonsson. I dag er det "Ordet" - frå samlinga "Mogning i mørkret"

ORDET

*Kva hjelp det å syngje
som elv i det aude?
Kva hjelp det å kyngje
med klokker for daude?*

*Kva hjelp det å skapa
all venleik i verda,
Når ordet lyt tapa
for svolten og sverda?*

*Slik undrast og spør vi
i modlause stunder,
Men hugse det bør vi:
Eit ord er eit under.*

*Dei gløymest dei gjæve,
og alt det dei gjorde.
Men livet er æve.
Og evig er ordet.*

Og vatnet, kan ein legga til

Takk for meg.

Og takk til Tor Jonsson